


Nynorsk Wikipedia

Det frie oppslagsverket!

Kva er Wikipedia?

Det frie oppslagsverket

Wikipedia er eit *fritt* internettleksikon. «Fritt» tyder i denne samanhengen at det er gratis å bruke, alle kan vera med og skrive, og det er skrive under «GNU fri dokumentasjonslisens». Wikipedia finst i mange språkutgåver — den største utgåva er den engelske med 672 219 artiklar (7.8.2005).



Eksempel på artikkel slik han ser ut på skjermen.

Kvifor er Wikipedia bra?

Den opne arbeidsmåten og den frie lisensen gjer at både gammal og ny kunnskap kan innarbeidast snøgt og effektivt. Kvar artikkel kan bli redigert av dusinvis av menneske eller enda fleire. Alle redigeringar blir registrerte i loggen (klikk på [Siste endringar](#) eller [Historie](#)), og årvakne redaktørar med brei kompetanse (inkludert fleire med hovudfag eller doktorgrad) følger med og rettar feil. Finn *du* ein feil, kan du sjølv rette han òg! Resultatet er eit produkt prega av mange skribentar sine sterke sider og kvalitetskontroll heller enn berre éin forfattar med sine sterke og svake sider. Du kan sjølvsagt skrive om alle saklege emne på NW — frå nordnorsk lokalhistorie til astronomi eller etiopisk mat!

Wikipedia på eige språk

Det finst i dag wikipediaer på kring 200 språk, inkludert alle dei fire hovudformene av skandinavisk — svensk, dansk, bokmål og nynorsk. Det største av desse, Svenska Wikipedia, er oppe i 94 077 artiklar (7.8.2005). **Nynorsk Wikipedia** (NW) er nyast av dei skandinaviske wikipediaene og vart oppretta den 31. juli 2004. Per 7.8.2005 har vi 347 registrerte skribentar og 10 001 artiklar på nynorsk; vi har dermed allereie passert det opphavlege målet for 2005 på 10 000 artiklar og satsar djervt mot nye mål!

Korleis kan du hjelpe Wikipedia?

Ver med og skriv!

Det er lett å komma i gang: Berre klikk på [endre](#)-knappen ovanfor sjølve artikkelen og skriv i veg — anten du berre vil rette ein kommafeil eller du vil skrive ei sidelang utgreiing. Dei få kodane som blir brukte lærer du etter kvart. Registrerer du deg som brukar (det er sjølvsagt gratis) får du velfortent heider og ære og bidraga dine får meir vekt enn anonyme bidrag.

Få med deg fleire!

Bruk denne sida til oppslag på arbeidsstaden din — anten dette er skule, bibliotek, meinigheit, butikk, offentleg kontor, bank, fabrikk eller andre arbeidsstader med oppslagstavle. Har du ei heimeside eller ein annan nettstad, så kan du laga lenkje til Nynorsk Wikipedia eller til ein eller fleire interessante artiklar der. Om du er lærar kan du fortelja klassen din om dette oppslagsverket — både som *kjelde* og som *medium* for skriveglade elevar/studentar.

Korleis kan Wikipedia hjelpe deg?

Finn stoff

Er du på jakt etter stoff til eit prosjektarbeid? Da er Wikipedia ei viktig kjelde! Nokre eksempel på artiklar som finst til no på NW er: [fish and chips](#) | [Jølster](#) | [kaffi](#) | [kinesisk språk](#) | [Noreg](#) | [pinnekjøtt](#) | [planeten Jupiter](#) | [romani rakripa](#) | [Victoria av Storbritannia](#) | [Ålesund](#). Det finst mange gode og innholdsrike artiklar, og du kan hjelpe til med å skrive enda fleire!

Lær å skrive betre!

Wikipediaskrivning er ein god måte å trene opp språkkjensla og uttrykksevna på. Denne skrivetreninga kan hjelpe deg til å stå sterkare i konkurransen om studieplass og jobb.

Målsaka

NW har til mål å utvikle **det første store nynorske leksikonet** sidan tibandsverket *Norsk Allkunnebok* kom ut for over førti år sidan. *Fleire* og *betre* artiklar på Nynorsk Wikipedia er med på å sikre godt nynorsk innhald på Internett. Dette vil i sin tur betre kompetansen åt språkbrukarane og auke nynorsken sin status som skriftspråk.

Høyrest dette interessant ut? Du finn oss på <http://nn.wikipedia.org>